


Sagbladet

VÅRT FOKUS - FOREDLING AV TRE

MEDLEMSBLAD NORSK BYGDESAGFORENING ÅRGANG 33, NR. 4. 2022. ISSN 1890-3630



GOD JUL OG GODT NYTTÅR!



*Stor glede av sagbruket som pensjonist
Fotograf: Roar Ree Kirkevold.*

INNHOLD

Hamran Snekkerverksted med skreddersøm.....	s. 4-5
Medlemsbedriften Kjetil Sundby	s. 7-8
Tiden går, saga består	s. 9-10
Årsmelding	s. 13-15
Nytt utdanningstilbud for trevarebedriftene	s. 21

www.sag.no



Sagbladet er eit medlemsblad for Norsk Bygdesagforening og blir utgjeve med 4 nummer i 2022. Bladabonementet kostar kr 600 pr. år. For fleire abonement til same adressat betales kr 300 pr. år/blad. Medlemsbladet er inkludert i medlemskontingenten. Ta kontakt med redaktør om du ønskjer abonement eller evt. medlemskap i foreininga. Opplag 400.

Redaksjon avslutta 19.12.22

Ansvarleg redaktør:
Inger-Marie Svingseset
Tlf.: 918 86 113
e-post: admin@sag.no

Designmal og lay-out:
Forglemmegei Reklamebyrå,
Brugata 1, 2500 Tynset
Tlf.: 971 89 996
e-post: cathrin@fmereklame.no
www.fmereklame.no

Trykk: TS Trykk AS

Utgjevingar 2022

NR.:	Materiellfrist	Utgjeving
Nr. 1	10. feb.	25. feb.
Nr. 2	20.mai	10.juni.
Nr. 3	12.sept.	8.okt.
Nr. 4	1.des.	20.des.

Priser på annonsering i Sagbladet:
Heilside (178x238mm) kr. 3.860,-
Bakside (178x238mm) kr. 4.300,-
1/2 side (178x118mm) kr. 2.425,-
1/4 side (84x118mm) kr. 1.600,-
1/8 side (114x49mm) kr. 1.100,-
Prisane er eks mva.
Vi er fleksible på størrelsane.

Rabattordningar: Ved bestilling av innrykk i alle utgåver i 2022 får du 10% rabatt. Ved bestilling av 4 påfølgande innrykk vil annonsør også bli presentert på attraktiv plass i Leverandørguiden på nest siste side i bladet.

Framsidedfoto:
Kuldetørking et godt alternativ med dagens strømprisar.
Fotograf: Hans Grøndahl.

Norsk Bygdesagforening vart stifta i 1987. Foreininga har ca. 220 medlemmar pr. 01.01.2022. Medlemskontingenten er gradert etter lønnsutgifter:
Under 500.000 = 2 950 pr. år.
Mellom 500.000 og 1 mill. = 3 750 pr. år.
Over 1 mill. = 5 250 pr. år.
Første medlemsår gir vi 50% rabatt. Det er også høve å tinge interesse-medlemsskap til kr. 950,- (Dette inkl. informasjon og medlemsblad).

ADMINISTRASJON

Inger-Marie Svingseset,
dagleg leiar
Tlf. 918 86 113
admin@sag.no



Ragnhild Lunde,
prosjektmedarbeider
Tlf. 918 86 113
ragnhild@sag.no



STYRET

Ivar Grøndahl,
Adr: Chausseen 737
2340 Løten
Tlf: 995 46 567
iv-groen@online.no



Rune Skjørestad,
styremedlem
Pb. 39, 4395 Hommersåk
Tlf. 907 99 053
post@riskasag.no



Olaf Dybvad
styremedlem
Dyvasvegen 454
7517 Hell
Tlf. 911 45 773
olddybvad@online.no



Ole Jegleim,
styremedlem
Rotneimvegen 685,
3550 Gol
Tlf. 908 29 766
jegleim@online.no



Torgeir Hjalte
Tennvassåsveien 210
9402 Harstad
Tlf. 97160870
torgeir@saeteraasen.no



FYLKESKONTAKTER

Østfold
Arne-Martin Aaserød
Sarpsborg, tlf. 90828589

Akershus
Roar Sørsgård, Hurdal, tlf. 909 96 273

Hedmark
Ivar Grøndahl, Løten, tlf. 62 59 00 05

Oppland
Per Arne Jostad, Snertingdal,
tlf. 61 18 14 15

Buskerud
Øyvind Wiger,
Vikersund, tlf. 416 42 731

Vestfold
Runar Bekkeseth,
Holmestrand, tlf. 976 74 247

Telemark
Asbjørn Roheim,
Bø i Telemark, tlf. 35 95 45 79

Agder
Jens Kristian Berglund,
Mosby, tlf. 450 39 404

Rogaland
Åsmund Bakka,
Suldalsosen, tlf. 905 23 907

Hordaland
Pål Solberg, Lonevåg, tlf. 952 11 103

Sogn og Fjordane
Jan Arild Vatnelid,
Straumsnes, tlf. 976 64 048

Møre og Romsdal
Herman Hervåg,
Sykkylven, tlf. 994 63 539

Sør-Trøndelag
Håvard Sunnset,
Korsvegen, tlf. 924 57 666

Nord-Trøndelag
Ottar Staberg, Utøy, tlf. 959 31 179

Nordland
Øystein Lyngmo,
Laukvik, tlf. 997 31 591

Troms
Arild Kulseng-Hansen,
Harstad, tlf. 947 89 350

Finnmark
Helge Molvig,
Vadsø, tlf. 454 72 526

Frå redaktørkrakken

Helsing Inger-Marie Svingeset

Tradisjonen tru er deadline på Sagbladet siste store arbeidsopp-gåve før jul. I denne utgåva trykker vi også årsmeldinga der de kan lese om årets aktivitet. Vi i administrasjonen håpar medlemmar og abonnentar er nøgd med tilbodet som foreininga har, men det er viktig at de kjem med tilbakemeldingar slik at neste år kan bli minst like bra.

Vi har dette året jobba mykje med nettverksbygging og nye samarbeidspartnarar gjennom våre arrangement og prosjekt. Desse blir viktige i tida framover då vi står overfor store oppgåver; Blant anna innanfor sertifisering og produkt-

dokumentasjon. Nyleg hadde vi vårt første formelle samarbeid med Norske Trevarer (medlemsorg. for trevareprodusentane), gjennom kurs i bruk av Instagram. Dette er truleg starten på eit større samarbeid, då vi allereie har planlagt fleire felles arrangement og felles utstilling på WCTE (omtalt i forrige Sagbladet). For at trevarebedriftene skal kunne bli godt nok miljøsertifisert, må dei redusere sitt klimautslipp på transport av råvarer. Dette kan bli ein mulighet for våre medlemmar i tida framover. Å etablere nye lokale verdikjeder med lokalt råstoff blir nok ein del av framtida, der bygdesa-

gene blir ein viktig aktør. De kan lese om eit eksempel som inspirerer, om Hamran Snekkerverksted og Vintereik AS i Agder lenger bak i bladet. Vi gleder oss til vidare samarbeid med blant anna Norske Trevarer og i skrivande stund håpar vi at dei to foreiningane møtes under vår årsmøtehelg i Loen. Det er også første gong årsmøtet vårt blir arrangert i gamle Sogn og Fjordane, mitt heimfylke, så det blir ekstra kjekt for oss å ønskje dykk velkomne. Med ønskje om ei God Jul!

Helsing
Inger-Marie

Kjære sagvenner!

Hilsen Ivar Grøndabl

Da er atter et år snart forbi, og jeg regner med at det har vært mye å gjøre også i år for våre medlemmer. Ser at de store sagbrukene og store hytteprodusenter reduserer kapasiteten og har måttet permittere. Markedet ser ut til å ha stoppet litt opp, spesielt hyttemarkedet med rekordmange hytter til salgs og bråstopp i nybygging. Allikevel ser det ikke ut til at vi blir så ille berørt av dette. Det vil alltid være en etterspørsel etter våre produkter og kompetanse, og vi kan lett omstille oss.

Hos oss på Løten har de siste månedene gått med til å bygge nytt saghus. Kara Master er solgt, og nytt utstyr kommer rett etter jul. Det blir spennende tider her på sagbruket fremover med ny båndsg!

Mange av våre medlemmer har store utfordringer med strømpriser om dagen. Jeg vet ikke om markedet er villig til å betale så mye mer for f. eks. laftetømmer som blir kunstig tørket? Ser at hos oss så koster det omtrent like mye å tørke tømmeret pr. lm som tømmeret koster! Det er viktig at vi følger med på strømpriser, og eventuelt bytter strømvavtale.

De store sagbukene har satt ned prisene på standard trelast en del, i håp om høyere forbruk. Allikevel er det signaler i markedet om at prisene kommer til å stige igjen 2. kvartal i 2023. Grunnen er at det kan bli mangel på trelast og tømmer i Europa, i og med at det er stopp i importen fra Russland/Belarus.

I skrivende stund er gradestokken akkurat minus 20, og det meldes om

lite mygg på Løten. Det er likevel deilig å kjenne på norsk vinter!

I organisasjonen har det vært et veldig hektisk år, med mange kurs og stor aktivitet. Vil rette en stor takk til alle som har bidratt, og til den dyktige ledelsen i Stryn som holder i trådene. Det er hyggelig med så mange nye medlemmer. Håper de vil trives, og at de finner nytte av medlemskapet i Norsk Bygdesagforening.

Årsmøtet 2023 vil bli avholdt helgen 17. - 19. februar i Loen. Sett av helgen allerede, mer info om dette kommer i bladet.

Vil benytte anledningen til å ønske alle EI RIKTIG GOD JUL OG ET SPENNENDE GODT NYTT SAGÅR!

Vennlig hilsen Ivar Grøndabl

Hamran Snekkerverksted med skreddarsydde løysingar

Tekst og foto Sigurd Haugsjerd

Hamran Snekkerverksted AS i Hægebostad er eit flaggskip i næringsutviklinga i Snartemo, Agder og har blitt ein totalleverandør av interiørløysingar frå kjøkken til garderobe- og baderomsinnreiingar.

Solid handverk er oppskrifta -Skreddarsydde løysingar for kjøkken og anna interiør, basert på lokalt trevirke og grunnsolid handverk, det er noko av oppskrifta når me har bygt Hamrans merkevare dei siste 10-15 åra, seier Trond Hamran. Han er innehavar og mangeårig driftsleiar som for eit par år sidan gav frå seg ansvaret som dagleg leiar. I staden har han i ein friare posisjon konsentrert seg om salg og ytterlegare utvikling av Hamran Snekkerverksted AS, eit lokomotiv i næringsutviklinga i indre bygder.

Den over 90 år gamle verksemda på furumoen nord for Snartemo i Hægebostad er kjend både som pioner på sløydbenker til skuleverket i heile landet, og etter kvart storprodusent av kjøkkeninnreiingar. Verksemda har siste åra også stått fram som totalleverandør av interiør til andre rom i huset. Ikkje minst garderobe og baderomsinnreiingar har blitt ein del av Hamran-konseptet. Verksemda med 42 tilsette i Hægebostad vart også for nokre år sidan leverandør av både tak, vegger og golv pluss interiør til den spektakulære restauranten Under i Lindesnes kommune. Alt saman basert på den sørlandske eika som viktigaste materiale.

Showrom i Oslo

Den suksessrike bedrifta i Hægebostad har for 5-6 år sidan skaffa seg salgsavdeling på Skøyen i Oslo, først og fremst som studio og visningsrom for ein stadig meir interessert marknad på Austlandet.



Innehavar av Hamran Snekkerverksted AS, Trond Hamran saman med leiargruppa som han ikkje lenger er ein del av, frå venstre: Solfrid Vasland Stedjan (produksjon), Janne Ramona Werdal (salg/marked) og Olaug Sofie Telhaug som overtok som dagleg leiar i bedrifta for eit par år sidan.



Stanley Rossevatn (t.v.) og Øystein Høyland i produksjonsavdelinga på Hamran der det solide handverket og materialval er berejvelken. Respekten for snikkarfaget er den raude tråden og motivasjonen i alt som blir utført ved den over 90 år gamle bedrifta Hamran Snekkerverksted AS.

-60-70% av leveransane våre går dit, seier dagleg leiar Olaug Sofie Telhaug. Trond Hamran meiner for- delen med visningsrom i Oslo er at ein der kan få individuelle ønske frå kunden og så dra heim til Snartemo og diskutere løysingar med interiør- arkitektar, ingeniørar og ikkje minst egne handverkarar for å finne dei skreddarsydde løysingane.

-På den måten kan ein få avklara kva som er praktisk mogeleg og kva ein meiner vil vere gode og langsiktige løysingar, seier Trond Hamran. Han understrekar at handverket kombinert med kortreist materiale er berebjelken i Hamran som mer- kevare.

Austlandet har blitt viktig marknad

-Austlandet er ein interessant marknad, for folk der er begeistra for Sørlandet. Dei har endåtil ei så positiv oppfatning av landsdelen at dei meiner folk her sør er ærlegare og meir til å stole på, seier Janne Ramona Werdal som er engasjert i salg og marknadsføring på Hamran.

-Ja, mange kundar kjem hit til Hamran for å diskutere både mate- rialval og design, og dei rosar både folka og landskapet me har rundt oss. Dei blir begeistra av å sjå at ei lita bedrift i ei lita bygd i indre Agder kan levere interiør i konkurranse med utanlandske produsentar, seier Olaug Sofie Telhaug.

Utanlandsk dominans

-Lenge var det nettopp utanland- ske fabrikkar som dominerte dei skreddarsydde løysingane med høg kvalitet, men me hadde ein draum om å kome inn på den marknaden, og ser stadig at det er eit potensiale der, seier Trond Hamran. Han hadde det daglege ansvaret så lenge at han fekk oppleve både opp- og nedturar. -2018 var eit vanskeleg år som vart gjort opp med underskot på drifta. Då tok me grep og starta ein snu- operasjon som fekk oss på rett veg

igjen. Så kom koronaen og me frykta det verste. Etter kort tid såg me likevel at den positive utviklinga vår ville halde fram. Folk flest hadde betre tid enn før til å tenke på nye kjøkkenløysingar eller andre oppgra- deringar i hus og hytte. Omsetninga auka, og det har skote ytterlegare fart siste året. Frå 2020 til 2021 hadde verksemda ein omsetnings- auke frå 53 til 68 mill. kroner.

Leiarskiftet

Trond Hamran er nok i det humør- fylte hjørnet når han straks gir forklaringa på veksten:

-Det må vere leiarskiftet. Me fekk inn ny dagleg leiar, seier han og legg til: -Det mest krevande for oss no er at det blir stort sett berre tilsett kvin- ner i nye stillingar i denne bedrifta. Leiargruppa, som han sjølv ikkje lenger er ein del av, er sett saman av kvinner. Då ein nyleg tok inn nye lærlingar, vart det også jenter, ei frå Trøndelag og ei frå Søgne.

-Ikkje fordi dei er kvinner, men fordi dei er flinke, skundar dagleg leiar Olaug Sofie Telhaug å legge til. Før den tid var det berre ei einaste jente i produksjonen i 9 år, men no er det 5, deriblant dei to lærlingane.

Har bygt merkevara

-Nei, Trond og Janne har bygt merkevara Hamran i mange år før eg kom inn i dette, seier Olaug Sofie Telhaug som dagleg leiar. Ho meiner det er fleire faktorar som har vore med på å gje bedrifta på Hamran ny framgang.

-Den nye trenden med større inter- esse for heilnorske produkt har vo- re ein fordel for oss, og at me kan kon- kurrere om dei skreddarsydde løy- singane som skal gje eit kjøkken lang levetid. Det er i alle fall målet med eit kjøkken frå Hamran. Det skal fungere i fleire generasjonar, seier ho.

Vil betre lønsemda

Også året som me no er langt inne i, ser ut til å kunne gje folka på Hamran ny framgang.

Handverkarane på Hamran Snekkerverksted AS må vere motiverte for forandringar:

Gjer noko nytt kvar einaste dag -Snikkarfaget og haldninga vår til tre som materiale, har vore bere- bjelken i alt arbeidet på Hamran frå bestefar min si tid, seier Trond Hamran.

Han rosar arbeidsstokken i produk- sjonsavdelinga som ei samling flinke handverkarar, mange av dei med svært lang erfaring i ei bedrift der det er lite gjennomtrekk. For å sikre rekrutteringa jaktar ein stadig på nye lærlingar. -Men det er ikkje så lett å finne, for dei veks ikkje på tre, seier dagleg leiar Olaug Sofie Telhaug. Ho hentar lærlingar frå heile landet og seier at det er forholdsvis sterke krav for å sleppe til i arbeidsgjengen.

Stadige forandringar

-Her skjer det stadig forandringar i produksjonen. Difor må ein like å gjere noko nytt nesten kvar einaste dag. Det er dette som må vere moti- vasjonen og gløden i arbeidet, seier ho.

Resultatet av all den meistringsgleda som ein kan oppleve på Hamran er også at dei tilsette er stolte av arbei- det sitt.

-Me har dyktige folk over heile linja frå seljarar, sjåførar og montørar til handverkarane som legg flid i kvali- tet og set si ære i å kunne levere eit godt produkt, seier ho.

-Det viktigaste er ikkje å auke omsetningstala frå år til år, men at ein er oppteken av lønsemda. Det betyr at ein heile tida må sjå kritisk på kostnadene for å kunne hente ut meir frå den omsetninga ein har i dag. Då er også dei mange små del- taljane viktige, og då kan ein gjerne vekse saktare, seier dagleg leiar Olaug Sofie Telhaug. ►

Vintereik AS leverer lokalt materiale

Jan Petter Gysland er gründeren som for 2-3 år sidan etablerte sagbruk og tørkeutstyr for eiketømmer på industriområdet på Jåddan i Hægebostad.

Derifrå forsyner han Hamran Snekkerverkstad AS med kvalitetseik, Sørlandseika som er hoggen langs kysten frå Lindesnes til Flekkefjord. Det er Nortømmer og AT-Skog han kjøper tømmeret frå. Etter ein svært grundig og møysommeleg prosess for å unngå sprekk i trevirket, leverer han det til bruk i kjøkken- og interiørproduksjonen ved Hamran Snekkerverksted AS.

-Sjølv om det har vore ein del prøving og feiling første tida, kan me nok etter kvart levere eit par tusen kubikkmeter eik i året, seier Jan Petter Gysland. Målet er å auke produksjonen til rundt 5.000 kbm. etter visse tilpassingar, men då må han få inn større leveransar.

-Det står mykje fin eik i Lilleand og Grimstad-området. Difor skulle



Jan Petter Gysland har etablert sagbruk og tørke for eiketømmer frå beile Agder på Jåddan nokre kilometer sør for Hamran. Han leverer alt han produserer til Hamran Snekkerverksted AS.

eg ønske at det vart hogge meir av dette trevirket der, seier han. Også han opplever at den kraftige auken i stramprisen gjer at han må avgrense bruken av den nye tørka.

-Det har ikkje blitt butikk enno, men målet er å få til ei grei økonomisk drift på anlegget, seier han.



Stillingsannonse

Norsk Bygdesagforening søker ny organisasjonsmedarbeidar i inntil 50% stilling frå 1. mars 2023, då vår prosjektmedarbeidar blir pensjonist.

Vårt kontor er plassert i Stryn sentrum i Vestland fylke, I dag har vi kun tilsett dagleg leiar i 100% stilling, medan vi har leig inn ressurs på timebasis som prosjektmedarbeidar, tilsvarande 40% stilling. Vi er fleksible i forhold til arbeidsstad (heimekontor) og stillingsprosent om vi får dei rette søkerane.

Norsk Bygdesagforening er ein bransjeorganisasjon for små- og mellomstore sagbruk og trebearbeidingsbedrifter og vår oppgåve er å bidra til best mogleg utvikling hjå medlemsbedriftene og organisasjonen.

Hovudoppgåver:

- Kurs og fagarrangement
- Rådgjeving og service til medlemsbedriftene
- Informasjon og markedsarbeid
- Nettverksbygging
- Prosjektarbeid for utvikling av medlemsbedrifter og organisasjon

Arbeidsoppgåver i stillinga:

- Sekretær oppgåver
- Kurs- og fagarrangementsorganisering
- Bidra i produksjon av medlemsblad
- Økonomi/rekneskap
- Nettside og sosiale media
- Søknadsskriving

Vi søker etter ein person med:

- Gode skriftleg framstillingsevne
- Gode datakunnskapar
- Kompetanse innanfor økonomi og rekneskap
- Helst bakgrunn/utdanning innanfor skog- og trenæringa
- Gode samarbeidsevne
- Fleksibel
- Godt humør og evne til å stå på

Lønn etter avtale

Send oss søknad med CV innan 31. januar 2023 til admin@sag.no. Har du spørsmål, ring dagleg leiar Inger-Marie Svingset på 91886113

100 år med sagbruk på garden

Kjetil Sundby i Enebakk satsar på foredling av eigen skog

På Sundby Gård har det vore sagbruk i 100 år.

- Då elektrisiteten kom på 1920-talet sette oldefar min opp ein sagbenk med en 10 hk sleperingsmotor, fortel Kjetil. I den tid vart saga brukt til å lage materialar til eigne hus og elles til å hjelpe naboar med leigeskur. Det er fortalt at det vart levert emner til «Kjelke-Syversen» i Lillestrøm og hjulmakarverkstadar, noko som var god butikk den gongen.

Kjetil sin hovudgeskjeft er knytta til graving i anleggsbransjen, så dei siste åra har sagbruket vore meir hobby enn næring, men han ønskjer å utvikle sagbruket og vidareforedlinga av tre vidare.

- Eg har hatt interesse for skog heilt sidan eg var liten og fekk vere med bestefar i skogen, seier Kjetil.

På sagbruket fekk han skuffe flis under sagbenken før han vart oppgradert til bakgutt og seinare sagfører. Kompetansen er såleis tradisjonsbåren frå bestefar og far, men han har også utdanning innan skogbruket, som høgskulekandidat i skogbruk frå Høgskolen i Gjøvik, avd. Brandbu. I tillegg har han delteke på fleire kurs både i regi av Norsk Bygdesagforening og andre. Han bekreftar også at ein får god kompetanse gjennom prøving og feiling.

Kjetil held fram:

- I 1994 vart saga oppgradert med ny saghytte og Kara-sag, samt ein Logosol 260 høvel som har vore nyttig for å utnytte den skuren vi har hatt så langt. Kara-saga er nyleg bytta ut med ei einmannsbetjent Laimet 120 sag og vi har fått nytt sughus. Sjølve bygginga av huset vart gjort av to lokale snekkjarar. Bygget rommar sagbruket, plass



Kun montering av portane gjenstår på det nesten 200m2 store saghuset. Måla er 7,5m x 25,5m.



Kjetil er ein allsidig kar og likar godt å snekkere. Desse flotte dørene vitnar om godt handlag.



Den nye einmannsbetjente Laimet 120-saga er montert og vil effektivisere og auke fleksibiliteten i produksjonen.



Kjetil har vore interessert i skog og sagbruk heile livet. No kan han glede seg over ny sag og nytt saghus.



Sortering og stabling av trelast kan no foregå innandørs i det nye saghuset.

til å stå inne med sorteringa og plass til høvel og tørrkløyve. Med denne investeringa vil ein bli meir fleksible og får utnytta tida betre.

Eg begynte planlegginga av ny sag for ca. 3 år sidan, men første året gjekk dessverre med til kommunal saksbehandling.

No er saghuset ferdig og portar blir montert i desse dagar. Det som gjenstår er bygging av stokkbord og innmating. Sjølve saga vart testa i vår og Kjetil er godt nøgd med den tekniske løysinga så langt.

- Målet er å byggje opp eit enkelt, men effektivt opplegg med fleksibilitet for å kunne levere etterspurde varer på kort varsel. Sagbruket blir bygd opp og utvikla ved sidan av full jobb, med mest mogleg eigeninnsats. Dette for å halde kostnadane nede, og det er noko eg likar godt å drive med.

Dagens produkt er villmarkspanel, spesialdimensjonar, trelast til hytte-

marknaden og leigeskur. Vi ønskjer å satse på produkt som du ikkje finn i det tradisjonelle trelastutsalet, men heller satse på marknadar der bygdesaga har sine fortrinn. Spesialdimensjonar blir fokus i første omgang, som t.d. kjerneved, kvistfritt. Spesielle løysingar til byggsektoren som i byggelement er også eit produkt som vi vurderer. Auka trelastprisar har også gjort det mogleg å selje standarddimensjonar til konkurransedyktige prisar. I år selde vi mesteparten av produksjonen vår som råskur, fortel han.

Også marknaden for leigeskur har auka i takt med trelastprisane og Kjetil trur at ein med eit effektivt sagbruk kan leigeskur vere ein grei marknad for ei bygdesag. Kortreist tømmer frå eigen skog er hovudsakleg det som blir skjært på Sundby Gard, men det vil bli behov for å kjøpe inn noko tømmer til spesielle kvalitetar. Kjetil er veldig glad i skogsarbeid og likar å følgje prosessen frå tre i skogen til ferdig produkt

På ønskelista står ein større høvel og ei flisfyrt trelasttørke, men dette må kome når ein ser behovet er stort nok og det kan forsvarast økonomisk. I dag er det Kjetil sjølv og far hans, Andreas, som står for drifta av saga, men junior på 11 år er også under opplæring. Alt er lagt til rette for auka produksjon på sagbruket og innleige av arbeidskraft vil bli meir aktuelt.

Avslutningsvis spør vi Kjetil om kva han meiner er viktige arbeidsområde som Norsk Bygdesagforening bør prioritere framover?

Å finne rette marknader er viktig og kundane etterspur sikkerheit for leveransar, kvalitet og pris. Kjetil meiner difor at foreninga bør jobbe vidare med auka samarbeid mellom medlemsbedriftene på salssida, og synleggjering av bygdesagene som seriøse aktørar ut i media.

Tiden går, saga består

Tekst og foto: Roar Ree Kirkevold, Magasinet Skog

Saga var samlingsstedet lenge før Facebook og mobiltelefoner med uendelig taletid. Jens Olav (78) skjærer fortsatt på bygdesaga. Innimellom alle besøkene og historiene, altså.

Samfunnet endrer seg stadig raskere. Trelastmarkedet domineres av store kjeder med standard utvalg.

– Jeg har min egen kjede og åpner når jeg kommer og stenger når jeg går, sier Jens Olav Lille-Østerholt med sitt gode smil. Han har pause i skjæringa fordi næringsbirøkter Svein Ivar Rønningsbakken har kommet innom. Det er en overdrivelse å si at det var lenge siden sist, for Svein Ivar er innom minst daglig på sine runder mellom bigårdsplassene her ved Sundebru i Agder. Også Jens Olav har hatt bier siden 1972. Det var han som i sin tid lærte opp Svein Ivar som nå er en av landets største næringsbirøkttere.

– Profesjonell birøkt er egentlig et temmelig ensomt yrke, så saga er en viktig møteplass i hverdagen, sier Svein Ivar. De to kappes om å få mest honning, uten at de noen gang har dokumentert påstandene sine. Slik er det på denne saga som har aner helt tilbake til 1400-tallet.

– Det var Jens Olav som startet den, gliser birøkteren. Jens Olav rister på hodet. Riktignok er han snart åtti, men ikke fra 1400-tallet. Praten går løst som vanlig. Her debatteres strømpriser, tømmerkvaliteter og folks byggevaner.

– Vi prater jo en del vas innimellom, innrømmer Svein Ivar. Jens Olav er igjen uenig. Her er ikke vas, kun viktige temaer. Snart kommer postmannen. Også han er innom hver dag. Han har sitt eget brød og litt enkelt pålegg på bordet på «kontoret». Har han aviser til overs, blir de liggende. De tar Jens Olav med seg hjem og leser etter middagen med kona ved fem tiden. Jo, etter middagsluren også forresten.




Jens Olav Lille-Østerholt har alltid et lunt smil på lur. Når det kommer folk, stopper saga til fordel for kaffe, aviser og noen gode historier

Skjæringen tar på når man snart er åtti. Innimellom kutter han kveldskiftet, men ofte er han her om kveldene også. Da pusler han med å sette skaft på noen av sine 40-50 økser som er nøye vurdert, prutet og kjøpt på loppemarkeder og markeder som Dyrsku'n. Jens Olav holder unna noen kroner (fra blant annet kona) for å ha til gode knivkjøp og gjerne et øksehode eller to.

Før handlet de kniver her på saga også. Bestefar begynte i 1919 og det var ikke få timer de gamle mennene brukte på å vise hva de hadde smidd, spikket og pusset seg frem til. Pluss at prutingen tok sin tid.

Det skjedde alltid noe på saga. Jens Olav forteller om bestefars kompis, Knut Karlsen, som fikk kappet av hele armen da han skulle fjerne en hunbit bak det hvinende sagbladet. Det var før andre verdenskrig og bestefar klemte sammen det som var igjen slik at Knut ikke blødde i hjel. Når doktor'n kom, klarte han ikke å slippe grepet.



Bestillingskjemaet på saga er slett ikke unødvendig byråkratisk

– Krampa hadde tatt ham, forteller Jens Olav. De rister på hodet på hver sin side av bordet. Stygge greier. Bestefar gravde ned armen ved bekken hvor jorda var løs. Jens Olav husker at han og kompisene var livredde for den armen når de lystra etter ørret på mørke,

tåketette høstkvelder. Da var det morsommere med han som ikke het Knut, men som var litt troskyldig og bodde sammen med sin gamle mor. Han hadde hørt at noen fikk betalt av det offentlige for å ha husholderske. Han som ikke het Knut syntes det var en veldig god idé, så han pleide å stoppe bussen for å høre om det var noen passende kvinnfolk med i dag. Historiene er mange og frodige.

- Vi baksnakker ikke andre enn dem som er tilstede, sier Jens Olav. For noen dager siden, fikk Jens Olav bestilling på 700 løpemeter 2x8 toms plank. En svær ordre som må plasseres innimellom besøkene og historiene. For selv om Anders på honningmottaket i Grimstad er en racer til å sette opp sagblader, så stopper Lille Østerholt sag temmelig ofte. Ikke fordi noe er galt, snarere tvert imot. Daglig kommer det folk med gode historier eller ferske aviser. I ettermiddag venter de en helikopterpilot som av fysiske årsaker må gå lange turer hver dag. Også han er her ofte.

Utenfor fyker to svært unge gutter forbi på en ATV. – Det gjelder å starte tidlig hvis du skal få skikkelig interesse, kommenterer bestefar Jens Olav. Snart skal et nyoppsatt sagblad hvine seg gjennom tømmeret så fint at kunden tror det er høvlet. Tiden står stille på Lille Østerholt sag i Agder.



Stor glede over fantastisk treverk. På bygdesaga har det jevnlig blitt diskutert, vist frem og handlet slirekniver.



Nyoppsatt sagblad skal snart hvine gjennom tømmeret.

Kurs:

I alt er det i 2022 gjennomført 8 kurs med over 100 deltakarar.

Siste kurs i år - 28. oktober:

«Nybegynnerkurs i drift av sagbruk - bandsag.»
Rennebu Sag & Trekultur AS,
Trøndelag.

Dette var nybegynnerkurs nr. 2 i haust på Rennebu, utlyst for både band- og sirkelsag, og fullteikna. To dagar før oppstart måtte eigar av sirkelsaga melde forfall. Kurset vart difor kun for bandsaginteresserte, og nokre av dei påmelde melde seg av.

Kurset vart likevel gjennomført med 14 deltakarar, med dagleg leiar på sagbruket, Sveinung Kosberg som kursleiar.

Kurset fekk også denne gong gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Digitalt kurs i bruk av Instagram 29. november

Kurset var det første av 4 arrangement som skal gjennomførast i eit felles prosjekt mellom Norsk Bygdesagforening og Norske Trevarer. Begge organisasjonane ser det som viktig å auke sin digitale kompetanse, og med eit deltakarantal på 55 viser det at behovet er til stades. Kystskogbruket og konsulentselekskapet Gjete sto for praktisk gjennomføring. Tilbakemeldingane på kurset var gode.

Neste workshop vil bli ha tema Sertifisering og dokumentasjon.

Vi inviterer no til nytt kurs:

«Sortering av konstruksjonsvirke»
9. - 10. januar 2023 i Brønnøysund.

Påmeldingsfrist 31. desember.

Kurset er delt i ein teoridel (Dag 1) og ein praksisdel på sagbruk (Dag 2).

Stad:

Jørgen Myrvang,
Hongsetvegen 114,
8960 Velfjord

Kursleiar: Trond Kalstad

Kursavgift er kroner 3000 for medlemmar og kroner 4000 for ikkje medlemmar. Kursmateriell er inkludert i kursavgifta.

(Heftet NS-Insta-142)

Norsk Bygdesag fakturerer for kursavgifta i etterkant av kurset.

Du kan melde deg inn som medlem i forkant av kurset om du ønskjer det.

Påmelding på e-post til:

admin@sag.no eller ring 918 86113.

Ta kontakt med administrasjonen om du har spørsmål om kurset.

Arrangement:

**Tømmer i skogen blir materialer til huset.
27. og 28. oktober.**

17 deltakarar deltok på materialkurs i Valdres for m.a. å vurdere dei ulike variasjonane i skogen frå sør i Valdres, Begnadalen i Sør-Aurdal til tregrensa mot fjella i Øystre Slidre. På begge plassane veks det seinvokse tømmer av god kvalitet, og formålet var å finne ut kva type material ein kan få ut av skogen - og korleis ein kan lese treet på rot. Skogeigar Knut Lundem Hougsrud saman med Steinar

Moldal leia vandringane i skogen. Styreleiar i Norsk Bygdesagforening Ivar Grøndahl og dagleg leiar Inger Marie Svingeset hadde innlegg om bygdesagene: «Bygdesagene, ein viktig aktør i lokal foredling»

**Trearkitekturdagen
28. november 2022**

Hovudtema på konferansen var: «Verdien av tre i arkitekturen» med formål å identifisere utfordringar som kan gjere heile næringa betre slik at ein får enno betre arkitektur i framtida. Dagleg leiar Inger Marie Svingeset deltok med innlegget: «Bygdesagene som ressurs til fremtidens trearkitektur»

**Årsmøte 2023 i Loen, Stryn
17.-19. februar.
SETT AV HELGA!**

Vi er ikkje heilt i mål program, men sett av datoane 17.-19. februar. Vi køyrer same opplegg som tidlegare med blanding av bedriftsbesøk, fagdag og årsmøte.

Vi har reservert opphald på Hotel Alexandra i Loen frå lunsj fredag til søndag.

Om du har ledsager som ikkje ønskjer å følgje alt av fagopplegg, har hotellet ei flott spa- og badeavdeling.

I tillegg er det rikeleg med shoppingtilbod i Stryn sentrum 11 km unna hotellet.





Foto: Thor Aage Lillestøl.



Hotel Alexandra er ligg mellom fjell og fjord i Loen, med topp moderne konferanselokale og ei flott spa- og badeavdeling.

Studietur

Vil du vere med på Ligna-messa i Hannover 14. -16. mai 2023?

Ligna tilbyr og maskiner og utstyr til skogbruk og trebearbeiding, og meir enn 1800 utstillarar frå nær 15 nasjonar vil presentere trendar og nye produkt. For nærare informasjon om messa, oversikt over utstillarar, produkter og hall-inndeling sjå: www.ligna.de

Vi har i samarbeid med A. Falkenberg Eftf. AS bestilt 30 plassar til medlemmar i Norsk Bygdesagforening.

Foreløpig reiseopplegg:

14. mai kl 1415:

Avreise Gardermoen.

16. mai kl 1815:

Avreise Hannover.

Ank. Gardermoen 22.35.

Vi skal bo på Hotel Marktkieker www.marktkieker.de

Vi har foreløpig stipulert pris for reise, overnatting i enkeltrom, transport til og frå hotell og flyplass til ca kroner 12.000.

Vi kjem tilbake med meir detaljerte opplysningar over nyttår.

Påmelding til admin@sag.no.
Først til mølla-prinsippet gjeld!

Gruppesertifisering PEFC

Medlemmane har siste åra opplevd auka krav frå kundane om produktspesifikasjon og sertifisering.

På årsmøtet i 2022 var konklusjonen at foreninga må arbeide vidare med dette. Norsk Bygdesagforening har i samarbeid med Norske Trevarer utarbeidd søknad

til Innovasjon Norge om tilskot til å jobbe fram ei gruppesertifisering for medlemmar i begge organisasjonane. Vi vonar søknaden vil føre fram, og at vi kan starte arbeidet i 2023. Gruppesertifiseringa vil i så fall vere den første her til lands.

Nytt kartleggingsprosjekt i Møre og Romsdal

Norsk Bygdesagforening har fått støtte frå Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune til å gjennomføre ei kartlegging av skog- og treforedlingsbedrifter i fylket. Etter same mal som «Trebedrifter i Vestland»

Dette vurderer vi vere eit positivt signal i arbeidet med å få til ein nasjonal portal over bedriftene i vår bransje.

Årsmelding for Norsk Bygdesagforening 2022

Organisasjonen:

Samansetning av styret 2022:

Styreleiar: Ivar Grøndahl, Løten
Styrets nestleiar: Ole Jegleim, Gol
Styremedlem: Rune Skjørestad, Hommersåk
Styremedlem: Torgeir Hjalte, Harstad
Styremedlem: Olaf Dybvad, Harstad, Hell

Det har i 2022 vore halde 5 styremøte, der 3 var digitale. Det har vore handsama 47 styresaker i 2022

Vi har framleis dei «gamle» fylkesinndelingane og våre kontaktpersoner der er:

Østfold	Arne-Martin Aaserød (ny i 2022)
Akershus	Roar Sjørgård
Oppland	Per Arne Jostad
Hedmark	Ivar Grøndahl
Vestfold	Runar Bekkeseth
Agder	Jens Kristian Berglund
Telemark	Asbjørn Roheim
Buskerud	Øyvind Wiger
Rogaland	Åsmund Bakka
Hordaland	Pål Solberg
Møre og Romsdal	Herman Hervåg
Sogn og Fjordane	Jan Arild Vatnelid
Sør-Trøndelag	Håvard Sunnset
Nord-Trøndelag	Ottar Staberg
Nordland	Øystein Lyngmo (gjeld området Lofoten/ Vesterålen, nedlagt lokallag i 2022)
Troms	Arild Kulseng-Hansen
Finnmark	Helge Molvig



Frå konferansen "Landbruksbygg i tre" i samband med årsmøtet i Orkanger 2022. Foto: Ragnhild Lunde.

Fylkeskontaktane er viktige aktørar i foreninga, sjølv om dei ikkje er pålagde mange oppgåver i organisasjonen. Fylkeskontaktane sit med nyttig oversikt og god regional kompetanse som administrasjonen har god nytte av. Kursorganisering og andre aktivitetar blir ofte iverksett på grunn av at fylkeskontaktane tek kontakt med administrasjonen.

Ungdomsgruppa

I august sende vi ut eit nyheitsbrev til medlemsbedriftene om gruppa på 5 ungdommar som vi etter å ha avlyst fleire gongar på grunn av pandemien, lukkast å samle på Voss hausten 2021. Vi informerte om tema desse ønskte seg, m.a. kurstilbod, studiereiser og mentorordnin-

gar, og inviterte andre ungdommar i medlemsbedriftene inn i gruppa. 6 nye ungdommar har i 2022 meldt sin interesse for å vere med slik at gruppa no er på 11. Foreninga vil saman med dei planlegge ønskelege aktivitetar for 2023.

Administrasjon

I 2022 utgjør den administrative ressursen i Norsk Bygdesagforening dagleg leiar i 100% stilling og innleige av Kompetansepartner v/ Ragnhild Lunde i ca 40% stilling. Kontoradressa er som tidlegare Tonningsgata 42 i Stryn sentrum der begge har kontorplass.

Medlemstal

Pr. desember 2022 er det registrert 246 ordinære medlemmar i foreninga. Dette er oppgang på 36 frå året før.

I tillegg har vi 21 (auke på 4) med interessemedlemsskap og eit stabilt antal bladabonnement på ca 95 stk. Vi har opplevd større interesse for foreninga i 2022 enn på lenge, og auken i medlemstal er større enn på mange år.

Ei årsak til dette er nok den store kursaktiviteten vi har hatt, og dei gode trelastprisane. Slik vi har opplevd det har det skjedd ei betydelig endring i marknaden. Etterspørselen har vore stor ute blant medlemmane og dei har fått nye og større



Styreleiar Ivar Grøndahl takkar Kjartan Bergsvåg for innsatsen som styremedlem i foreninga 2019-2022.

Foto: Inger Marie Svingeset.

kundar. I tillegg har ein del av medlemmane produsert meir standardlast enn tidlegare. Det har vore ein del spørsmål kring produksjon, stempling, kurs osv. Det ser også ut til at medlemmane har hatt meir samarbeid med større aktørar enn tidlegare, og vi har fått ein del spørsmål om sertifisering osv. Det er gledeleg at medlemmane er aktive og brukar foreninga i faglege spørsmål. Det er også mange nyoppstarta sager rundt i landet, dei som ønskjer å produsere for eige bruk og litt leigesaging. Dei er på jakt etter kompetanse og det er ofte grunnen til at dei blir medlemmar.

Arrangement i regi av Norsk Bygdesagforening 2022

Årsmøte:

Styret hadde eit stort ønskje om kunne arrangere årsmøtet fysisk for første gong sidan 2019. Dette vart gjennomført på Bårdshaug Herregård i Orkanger 25.- 27. mars 2022.

Kurs:

Det er i 2022 blitt arrangert 8 stk. kurs i regi av foreninga.



Frå kurset i Sortering av konstruksjonsvirke på Rennebu i februar 2022.

Foto: Sveinung Kosberg.

Sortering av konstruksjonsvirke, Rennebu, Trøndelag.

15. og 16. februar.
Kursleiar Trond Kalstad.
15 deltakarar.

Sortering av konstruksjonsvirke, Løten, Innlandet.

7. og 8. mars.
Kursleiar Trond Kalstad.
10 deltakarar.

Sortering av konstruksjonsvirke, Mosjøen videregående skole.

28. og 29. mars.
Kursleiar Trond Kalstad.
12 deltakarar.

Sortering av konstruksjonsvirke, Sundebru, Agder.

3. og 4. mai.
Kursleiar Trond Kalstad.
15 deltakarar.

Sortering av konstruksjonsvirke, Sundebru, Agder.

9. og 10. august.
Kursleiar Trond Kalstad.
13 deltakarar.

Nybegynnerkurs i drift av sagbruk, Rennebu, Trøndelag.

16. september:
Kursleiar Sveinung Kosberg. 13 deltakarar.

Nybegynnerkurs i drift av sagbruk, Hommersåk, Rogaland.

24. september.
Kursleiar Rune Skjørestad.
19 deltakarar.

Nybegynnerkurs i drift av sagbruk, Rennebu, Trøndelag.

28. oktober.
Kursleiar Sveinung Kosberg.
14 deltakarar

Dette året har vi hatt 4 kursinstruktørar i sving: Sveinung Kosberg, Ivar Grøndahl, Rune Skjørestad og Trond Kalstad. Alle har fått strålende tilbakemeldingar og vi er svært godt nøgd med at vi no har fleire kursleiarar å spele på lag med.

Økonomisk støtte til kursa:

Sortering av konstruksjonsvirke Trøndelag - støtta av Kulturminnefondet og Trøndelag fylkeskommune.

Sortering av konstruksjonvirke Innlandet - støtta av Kulturminnefondet, Innlandet fylkeskommune og Statsforvalteren Innlandet.

Sortering av konstruksjonsvirke Nordland - støtta Mosjøen og omegn næringssekskap KF (MON)

Sortering av konstruksjonsvirke Agder (2 kurs) - støtta av Agder fylkeskommune.

Nybegynnerkurs i drift av sagbruk (2 kurs), Trøndelag, støtta av Trøndelag fylkeskommune.

Nybegynnerkurs i drift av sagbruk, Rogaland, støtta av Rogaland fylkeskommune.

Foreininga er avhengig av økonomisk støtte til kursa for å kunne halde kursavgifta på eit akseptabelt nivå i høve dei mange mindre bedriftene som er medlemmar hjå oss.



Frå fagseminaret "Frå kvalitetstømmer til kvalitetsprodukt" på Bergen Arkitektthøgskole i april 2022. Foto: Ragnbild Lunde.

Prosjektarbeid:

Foreininga er avhengig av ulike typar prosjektarbeid for å kunne ha dagens administrative ressursar. Dette for å utvikle foreininga og medlemsbedriftene.

I 2020 starta vi opp eit forprosjekt for å verifisere om det er interesse i heile verdikjeda til å etablere ein nasjonal database for skog og treprodukt (små- og mellomstore bedrifter). Pandemien har gjort at vi ikkje kunne gjennomføre prosjektet som tenkt, og arbeidsfristen gjekk ut i nov. 2022. Konklusjonen i forprosjektet er at det skal arbeidast vidare med å utvikle ein nasjonal portal, med basis i prosjektet vi gjennomførte i Vestland. Møre og Romsdal fylke har allereide tinga kartlegging i sitt fylke og Agder har meldt si interesse. Rapport og rekneskap for forprosjektet er sendt og godkjent av Innovasjon Norge, og prosjektet er dermed avslutta.

«Kompetanseheving, nettverksbygging og rekruttering» var tittelen på prosjektet som Vestland fylkeskommune ga tilskot til sommaren 2021. Kompetansehevings- og rekrutteringsdelen

vart gjennomført same året, medan nettverksbygging måtte utsettast fleire gongar på grunn av pandemien. Først 27. og 28. april 2022 fekk foreininga anledning til å gjennomføre nettverksseminaret «Frå kvalitetstømmer til kvalitetsprodukt» på Bergen Arkitektthøgskole. Sluttrapport innsendt og prosjektet dermed avslutta.

«Gruppesertifisering PEFC»

Hausten 2022 vart det utarbeidd søknad til Innovasjon Norge om tilskot til å jobbe fram ei PEFC-gruppesertifisering for medlemmar i Norsk Bygdesagforening og Norske Trevarer. Gruppesertifiseringa vil i så fall vere den første her til lands. Vi håpar at søknaden vil gi uttelling og at vi kan starte arbeidet i 2023.

Sagbladet

Medlemsbladet vårt er i år produsert i 4 utgåver. Som følgje av organisering av mange kurs, årsmøte og fagseminar har det blitt knapt med tid til reiseaktivitet og utfordrande å finne stoff som er interessant for våre lesarar. Tidlegare undersøking blant medlemmane viste at bedriftsreportasjar med fokus på rasjonelle tekniske løysingar er det mest interessante for våre lesarar. Vi har difor presentert medlemsbedrifter i kvar utgåve, og også fått inn fleire reportasjar frå andre redaksjonar. Vi er svært takknemlege for det samarbeidet vi har med desse og andre som er med å tek bilder og skriv for oss.

Deltaking og representasjon i møter

Styreleiar Ivar Grøndahl har vore på rådgevingsbesøk i Gudbrandsdalen, nyetablering. Dagleg leiar Inger-Marie Svingeset og styreleiar Ivar Grøndahl deltok på seminaret «Tømmer i skogen blir materialer til huset» 28. oktober i Valdres. Dagleg leiar Inger-Marie Svingeset deltok på den nasjonale Trearkitekturdagen 28. november.

Økonomi

Rekneskapen for 2022 vil ikkje vere klar før i februar 2023. Vi har også i 2022 hatt eit spesielt år med stor kursaktivitet, og har vore svært bevisst på den økonomiske situasjonen.

Ein har hatt minimale utgifter på reiseaktivitet. Medlemskontingent og prosjektmidlar er bærebjelkane i inntektene med lønn og kontordrift på utgiftsida. Rekneskapen blir presentert i samband med årsmøtet og i Sagbladet.

Samarbeidspartnarar

Spesielt vil vi takke alle våre annonssørar som gjer det mogeleg for oss å kunne produsere vårt medlemsblad. Vidare til alle som har bidrege til våre aktivitetar og prosjekt i 2022: Kulturminnefondet, Agder fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Innlandet fylkeskommune, Norges Bondelag, Norsk Landbruksrådgjeving, Innovasjon Norge, Kystskogbruket, og til slutt alle våre medlemmar og abonnentar.

Oppsummering

Starten på året 2022 vart også spesiell med omsyn til Covid-19 pandemien som råka oss og resten av verda. Det tok difor tid før vi kunne planlegge gjennomføring av årsmøte, kurs og fagdagar. Det var til tider vanskeleg å motivere seg til planlegging av nye aktivitetar som stod i fare for å bli avlyst nok ein gong. Vi kan likevel sjå tilbake på eit aktivt år med mange arrangement og godt frammøte. Vi er spente på driftsrekneskapen for året, men med større medlemsmasse, økonomisk støtte til våre arrangement og ei svært nøktern utgiftsside klarar vi eit overskot i 2022. Det er krevjande å vere så avhengig av økonomisk støtte til dei ulike aktivitetane, og vi brukar mykje ressursar på søknader og rapportering. Men rekneskapen vil vise at vi har fått god uttelling på dette.

Stryn, 12. desember 2022

Det energieffektive system

Eberl

Trocknungsanlagen GmbH

Spesialtilpassede løsninger med høy effektivitet
tilpasset dine behov for tørking av tre



V-Premium

Energisparing med varmepumpe

- Rask og skånsom tørking av tre
- 100% varmegjenvinning gjennom hele tørkeprosessen
- Lavt energiforbruk
- Ingen ekstern varmekilde nødvendig
- Ingen ekstern vanntilførsel nødvendig
- Mettet damp blir jevnt fordelt selv om tørken ikke er fylt helt opp



V-Basic og V-Comfort

- Forskjellige størrelser, fra små til store, er tilgjengelig
- Flere enheter kan nytte samme banesystem
- Mettet damp blir jevnt fordelt selv om tørken ikke er fylt helt opp
- Bevarer trefargen, lik slutfuktighet og utsøkt kvalitetsforbedring



Air Classic

Containertørke

- Lav investeringskostnad
- Kompakt system
- Både tørke og varmebehandling
- Både tørke og varmebehandling
- Også tilgjengelig med varmepumpe



Air Classic

The firewood drying kiln

- Kompakt system
- Kort tørketid
- Svært økonomisk varmegjenvinning
- Optimal gjennomstrøm av luft
- Enkel håndtering
- Også tilgjengelig med varmepumpe



Kontrollenhet

- Enkelt og entydig grensesnitt
- Ferdig innlagte resepter for alle vanlige treslag
- Behandling med varme og damp
- Fjernkontroll via Smarttelefon
- Logging og diagram samsvarer med ISPM 15



Norge: Karl Skotte
Mob: +47 90083375
karl.skotte@xi.no

Eberl Trocknungsanlagen GmbH | Hauptstraße 57a D-84155 Bodenkirchen | Tel.: +49 (0) 8745 96446 0
Email: info@eberl-trocknungsanlagen.de | Web: www.eberl-trocknungsanlagen.de



Alpina er den optimale proffsaga: pris, kapasitet og kvalitet.

Med max diameter 90cm og 80mm sagblad er den vår rimelegaste sag med pris frå ca. kr 500 000, + mva.



Me kan levere sager som handterar stokkar opptil 1,6m diameter.



Som du sikkert har sett og høyrte, aukar materialprisane kraftig!!!

Det gjev moglegheiter til deg som har ein tanke om å investere i ein arbeidsplass.

Har du skog? Kan du hogge og sage material for salg! Det er for tida veldig gode prisar.

Om du ikkje har skog, men ynskjer å drive med sag er leigesaging meit aktuelt en nokon gong.

Det er sjølvsagt viktig at du kjøper ei sag som har god kapasitet og som kan gi eit perfekt resultat. Det finns fleire bra produsentar på markedet, men me meiner, Serra er ein av dei beste :-)

Har for tida laaang leveringstid, så skal du rekke neste års sesong så er det ingen tid å miste.



Me har solgt og brukt desse sagene i eige sagbruk sidan 1998 og har gode referansar.

Denne kunnskapen gjer at me kan dele våre erfaringar med deg og dine planer.

Ring eller kom innom for ein uforpliktande demonstrasjon/sagprat

Serranorge@gmail.com

Arild Øygarden mobil 400 62 351

Sjå også vår heimeside www.serranorge.no





Wood-Mizer®

Send inn
et hvilket som
helst båndsaagblad
og du får et
nytt **Wood-Mizer**
Doublehard
båndsaagblad
til 50%

Wood-Mizer Norge: Bakken-Flaathe AS
Løkenvegen 5 • 2034 Holter • 63 87 49 89 • post@woodmizer.no



**Gode
og effektive
saagmaskiner**

Sirkelsager • Utrustning for sirkelsager
Kantverk • Slipemaskiner • Saglinjer
Kapsager

KARA

KARA har produsert småsagbruk siden 1916
Kalfion Konepaja Oy
www.karasaw.com

Kjøsnæs Maskin
7580 Selbu
Tlf 915 97 357 www.k-maskin.no



Julen 2022

Vi ønsker våre forbindelser en
riktig god jul og et godt nytt år



P. Blakstad as tlf: 73 95 79 60 e-post: firmapost@p-blakstad.no www.p-blakstad.no



Annonser

www.sag.no

Vårt fokus - foredling av tre



Rørsystem for støv-, spon- og flisavsug

Galvaniserte lasersveisede rør



Platetykkelse 0,6-1,0 mm
Skjøtes med spennbånd eller flenser.

Senzimorforsinkede stålør for høyvakuumlegg



Platetykkelse 1,25-1,5 mm
Skjøtes med rørkoblinger.
Kan også leveres i rusfritt.

Lasersveisede svartplaterør



Platetykkelse 2 og 3 mm
Skjøtes med spennbånd eller flenser.

Rustfrie lasersveisede rør



Platetykkelse 0,7-1,5 mm
Skjøtes med spennbånd eller flenser.

Vi leverer utstyr for håndtering av stav, spon og flis i avsugsanlegg.
Kvalitet rett igjennom til riktig pris!

www.scandmiljo.no

SCAND

Industrimiljø

Scand Industrimiljø AS, Pb 159 Nordstrand, 1112 Oslo, Tlf: 22 76 95 80, Fax: 22 76 95 81
e-mail: post@scandmiljo.no

JULENISSEN
HAR
KOMMET
TIL
FALKENBERG



Fra
kr 425'000,-
eks. mva og montering



WEINIG CUBE

NOEN TEKNISKE DATA FOR WEINIG CUBE:

Arbeidshøyde	10 - 120 mm
Arbeidsbredde	30 - 230 mm
Maks. arbeidsdimensjoner	300 x 160 mm
Spindelhastighet, standard	6000 o min
Matehastighet Cube	30 - 300 m/min



skan QR
og se video



WWW.FALKENBERG.NO

FOR DEN SOM VIL JOBBE EFFEKTIVT!

- Automatisk omstilling.
- Slå inn ønsket mål på ferdigmenne på tastaturet.
- Røde og grønne lasere viser målene på råemnet.
- Trykk start. Det er alt!

(Kun for dimensjonshøving, ikke profilering)

A. FALKENBERG EFTF. AS.
BILLINGSTADSETTA 30, 1396 BILLINGSTAD,
INFO@FALKENBERG.NO

RING OSS I DAG
970 40 808

MEBOR®



Bordkantverk/flerbladsag VR-900 fra Mebor.
Kan sage opp mot 90 cm bredde og 160mm tykkelse.

30/37/55 KW motor, stor kapasitet!

For mer informasjon kontakt

Mebor Norge AS på tlf. 99 54 65 67



Bandsag fra Trak-Met



Velkommen
til Vinje



Skogbruksutstyr tilbyr bandsagbruk fra Trak-Met, som er en av Polens største produsenter av sag og vedmaskiner velkjent for en kraftig konstruksjon, og med komponenter fra anerkjente europeiske leverandører.

Bandsagmodellene begynner på helt enkle utgaver med 35 mm bandbredde, 70 cm stokkediameter, manuell høydejustering og fremdrift, til de største modellene, med 60 mm bandbredde, 120 cm stokkediameter, datastilleverk, hydraulikk og automatisk håndtering av ferdige produkt.

Se nettside eller facebookside for utfyllende informasjon



Tlf. 905 75 240

E-post:

skogbruksutstyr@outlook.com

www.skogbruksutstyr.no



SKOGBRUKSUTSTYR



**Glommen
Mjøsen
Skog**

Skaper verdier i skogen

ASSEZIA



**Løsninger for mindre produksjon:
5–15.000 kbm. pr/år**

Slovenske Wravor har løsninger på barking
m/rot – redusering
– saging – sortering
og pakking.



Ta kontakt for mer
info:

www.wravor.com

Assesia representerer:

Milltech www.miltech.se og
www.ingfahedlund.se



ASSEZIA

finn.martinsen@assezia.no

Mob. +47 91640140 • www.assesia.no

Tilbyr utdanning for ansatte i norske trevarebedrifter

Norske Trevarer er med i en større satsing på nye utdanninger for ansatte i norske industribedrifter.

Norske Trevarer

Industri 5.0-utdanningen skjer i tett samarbeid med Fagskolen Innlandet på Gjøvik, og deler av utdanningen skal utarbeides spesielt for ansatte i norske trevarebedrifter.

– Dette er veldig gledelig. Det vil gi de ansatte i trevarebedrifter fra hele landet mulighet til påfyll av ny kunnskap og ny kompetanse, som er helt i tråd med målet om å kunne «lære hele livet», sier en entusiastisk Hilde Widerøe Wibe, som er daglig leder i bransjeforeningen Norske Trevarer.

Dette er en utdanning på fagskolenivå som er oppdelt i mindre moduler på 5 og 10 studiepoeng. Det gjør det mulig å kunne kombinere utdanning, jobb, fritid og familieliv. Nysatsingen er i hovedsak finansiert med midler fra Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir), som er underlagt Kunnskapsdepartementet.

– Det er et sterkt ønske i norsk næringsliv, ikke minst i vareproduserende industribedrifter, om at det bør bli mye lettere å tilby de ansatte påfyll av ny kunnskap som er i tråd med kompetansebehovet i bedriftene, sier Widerøe Wibe.

– Og det er nettopp det modulene i Industri 5.0-satsingen skal bidra til, der bransjen og bedriftene ikke bare skal være aktive i utarbeidningen av innholdet i modulene, men også i undervisningen og forelesningene.



Hilde Widerøe Wibe er daglig leder i bransjeforeningen Norske Trevarer.

Foto: Norske Trevarer.

I tråd med myndighetenes ønsker

Satsingen på korte, spissa, modulbaserte utdanninger er i tråd med hvordan myndighetene og partene i arbeidslivet ønsker å tilrettelegge for et mer fleksibelt og tilgjengelig kompetansetilbud overfor ansatte i næringslivet, der Industri 5.0-satsingen altså har ekstra fokus på norsk industri og vareproduserende bedrifter.

Målet med kompetansereformen «Lære hele livet» er å gjøre bedriftene bedre rustet for et arbeidsliv i rask endring og omstilling, gjennom at de ansatte får den faglige oppdateringen de trenger for å kunne stå lenger i den jobben de allerede har, eller for å kunne jobbe med andre oppgaver i bedriften.

– Nå skal det utvikles et bredt og variert tilbud av moduler som er relevant for ansatte i vareprodu-

serende bedrifter, på tvers av ulike bransjer innenfor norsk industri. Dette fordi kompetansebehovet naturlig nok er veldig ulikt i ulike bedrifter, både ut ifra bedriftens størrelse og type produksjon, sier Hilde Widerøe Wibe.

Spesielt for trevarebransjen

– Men to av modulene skal altså utvikles spesifikt for norske trevarebedrifter og trerelaterte virksomheter, og i løpet av kort tid skal prosjektorganisasjonen settes ned, slik at arbeidet med å utvikle innholdet i modulene kan starte opp rett over nyttår.

– Vi håper det nye utdanningstilbudet skal være klart i god tid før sommeren 2023. Dette vil bli et svært viktig løft i arbeidet med utdanning, kompetansebygging og rekruttering i trevarebransjen, sier trevarelederen.

– Jeg tror også dette vil bety mye for hvor attraktive bedriftene og trevarebransjen vil være i kampen om flinke fagfolk. Rekruttering og attraktivitet henger jo nøye sammen, og da vil muligheten for utdanning og påfyll av ny kompetanse være veldig viktig for bedriftene – men ikke minst for de ansatte.





Foto: Talgø.

Talgø lanserer ny MøreRoyal-kledning

Etter lang tids utvikling er Talgø klare for å lansere et nytt og unikt royalprodukt. Produktet som kalles MøreRoyal kledning 2.0 er en royalkledning i klasse D, grundig testet og dokumentert ved akkrediterede testlaboratorium.

www.trenytt.no

Lukkeleg som liten



Tekst og foto: Helge Kårstad.

Martin Braanaas og Ingunn Kjelstad har lukkast med etableringa av Fjordtømmer AS. Men dei gjev æra til dei som sit i hogstmaskin, lassberar og tømmerbil.

Medan dei store virkeskjøparane i landet fusjonerte for nokre år sidan, etablerte Ingunn, Martin og Tarje eit lokalt forankra miniføretak kalla Fjordtømmer AS. Det som i mange sine auge ikkje skulle vere mogleg, har tvert imot blitt ein suksess.

www.kystskogbruket.no



Flotte talarstolar til alle politikarane under skogdagen på Voss. Foto: Helge Kårstad.

Vellukka politikardag på Voss

Mykje skogfolk og mange politikarar var samla på Voss 14. november. Denne gongen vil vi gi førstepremien til politikarane. Kort sagt synt dei eit imponerande engasjement og hadde utvilsamt mykje kunnskap om skog og skognæringa. Arrangementet gav utan tvil meirsmak.

Les meir på www.kystskogbruket.no



Kristin Slyngstad fra Velg Skog sammen med prisvinnerne og landbruks- og matministier Sandra Borch. (Sp)

Foto: Ingeborg Anker-Rasch.

Skogfagstudenter hedret med priser

Landbruks- og matminister Sandra Borch delte mandag ut Velg Skogstipend til årets beste skogfagstudenter ved NMBU og Evenstad.

– Vi bør hogge mer tømmer, vi bør bygge opp mer skog og vi bør få til større industriell videreføring i Norge. Derfor trenger det norske skogbruket folk som dere, sa Sandra Borch under mandagens prisutdeling til skogfagstudenter fra Norges

miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) og Høgskolen i Innlandet (HINN – Evenstad). Hun delte ut fem ulike priser på til sammen 225 000 kroner. Prisene er et spleiselag mellom ulike skogeierorganisasjoner i Norge.

– På veien inn i det grønne skiftet må vi øke rekrutteringen til skogutdanningene og næringen i mange år framover, og denne oppmerksomheten fra statsråden er et viktig bidrag, sier daglig leder i Velg Skog, Kristin Slyngstad.

www.skog.no

Vil undersøke endringer i kompetansebehov

Som en del av et større forskningsprosjekt, Inno4Tree, vil Treteknisk undersøke hvordan etterspørselen etter kompetanse har endret seg i byggenæringa. Metoden som brukes er tekstanalyse av stillingsannonser samt intervjuer av folk som jobber med rekruttering og opplæring.

www.treteknisk.no

Eikås og Hasås fusjonerer

Fra 1. januar 2023 fusjonerer Eikås sagbruk AS og Hasås AS. Eikås sagbruk blir videreført under navnet Hasås AS avd. Eiken. Begge selskapene er eid av konsernet AT Skog SA. Med fusjonen får selskapene samlet en mer effektiv og fleksibel drift, melder AT Skog.

www.trenytt.no



Glommen
Mjøsen
Skog



**KVARNSTRANDS &
STRIDSBERGS AS**
MAKE EVERYTHING SHARPER

Tlf 95 23 68 82 – www.stridsberg.no
Tlf 95 13 01 91 – www.kvarnstrands.no

Wood-Mizer
from forest to final form

Tlf: 63 87 49 89 • tbf@woodmizer.no

SCAND
Industrimiljø

www.scandmiljo.no • Tlf: 22 76 95 80



FALKENBERG
- mer enn maskiner!

A. FALKENBERG EFTF. AS MASKINFORRETNING
Billingstadsletta 30 • 1396 Billingstad
Telefon 66 77 89 00
E-post: info@falkenberg.no • www.falkenberg.no

Følg oss på:  



LSAB Tangen
Fossvegen 15
2337 Tangen
Tlf: 62 57 46 00
E: info@lsab.no

cutting excellence




Drivarbekkdalen 38
3890 Vinje
www.serranorge.no
Tlf.: 400 62 351

Forhandler for bandsager



Leverandør trelasttørker

www.inmark.no • Mob: 900 82 004



SKOGBRUKSUTSTYR

Skogbruksutstyr AS
Sagvegen 18, 3890 Vinje
Tlf.: 905 75 240
skogbruksutstyr@outlook.com



KARA har produsert småsagbruk siden 1918
Kallion Konepaja Oy
www.karasaw.com

Kjosnes Maskin
7580 Selbu
Tlf 915 97 357 www.k-maskin.no




**Norsk
Bygdesagforening**

Bli med å verve medlemmar!



Fossegrenda 13
7038 Trondheim
Tlf: 739 57 960
E: firmapost@p-blakstad.no

Returadresse:
Norsk Bygdesagforening
Tonningsgata 42
6783 Stryn.



*Vi ønsker å takke våre kunder
for ett godt samarbeid og
ønsker alle en riktig god jul!*

DIN SAMARBEIDSPARTNER INNEN SALG OG SERVICE AV:
hånd-sirkelsagblad • høvel-fresverktøy • diamantverktøy • vindusverktøy
sliping av verktøy • teknisk besøk • faglig kompetanse • opplæring mm.

 **KVARNSTRANDS &
STRIDSBERGS AS**
MAKE EVERYTHING SHARPER

Stensrudvegen 1, 2335 Stange, Tlf 95 23 68 82
post@stridsberg.no, www.stridsberg.no, www.kvarnstrands.no